**MODALEN KOMMUNE**
Teknisk etat

rfa@hrtb.no

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Kjell Langeland | 10.12.2021 |
| Vår: 20/8 - 21/2620 | kjell.langeland@modalen.kommune.no | |

# Midlertidig brukstillatelse - gbnr 76/20 Mo

**Administrativt vedtak. Saknr: 024/2021**
**Tiltakshavar:** Modalen kommune
**Ansvarleg søkjar:** HRTB
**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert [dato].

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Asfaltering av uteomhusområde
2. Trykktesting av bygget

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 13.05.2022

Det vert elles vist til søknad motteken 12.11.2021 og supplert 30 11.2021.

**VURDERING**
Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for [heile/delar] av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

**VEDTAK**:
Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for nytt nærings- og servicesenter på gbnr gbnr 76/20// på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld fylgjande del av tiltaket: Heile bygget
2. Ferdigattest skal liggje føre innan [13.05.2022].

**Bortfall av mellombels bruksløyve**
Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.
Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/8

Med helsing

Kjell Langeland
konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**
rfa@hrtb.no